

Fra boken "Husmannstid og husmannsfolk" av Arnfinn Engen, Dølaringen Boklag 2001. s. 62-63:

Kva følger hadde lova?

"Om vi tek for oss nokre av dei sentrale elementa i lova, det som gjeld opprettinga av kontrakten, og det som gjeld arbeidsplikta, finn vi at det var fleire svake sider ved lova. Den første delen av lova, §§1-5, omhandlar skriftfesting og tinglesing av kontrakten, der det blir kravd at alle husmen skulle ha skriftlege kontraktar som skulle tinglysast. Men

som tidlegare synt så vart dette kravet på langt nær oppfylt. Ein grunn til dette kunne oppretta skriftleg kontrakt, så skulle festet gjelde for husmannens og konas levetid.

Om nå livstidsfeste likevel var vanleg, kunne dette medverke til at dei ikkje gjorde skriftleg kontrakt. På den andre sida krev §3 at det skulle gjerast skriftleg kontrakt sjølv om festet var blitt livsvarig. Når da fleirtalet av hus-mannsforholda ikkje hadde skriftleg og tinglyst kontrakt, må dette vise at mange ikkje tok kravet i lova så alvorleg. Konklusjonen på dette punktet må da bli at den nye lova ikkje førte til nokon avgjerande endring i høve til tidlegare.

Det vart i lova gjort forsøk på å avgrense den arbeidsplikta som kunne påleggast husmannsfolket slik at dei kunne ha eit minimum av tid til å dyrke sin eigen plass. Dette vart bestemt slik at dei husmennene som hadde overtatt ein oppdyrka plass, skulle ha fri ein yrkedag i veka. Dei som overtok udyrka mark, skulle ha fri to yrkedagar. Men så står det også at desse fridagane kunne takast samanhengande i staden for kvar veke. I ei kommentert utgave av lova heiter det at «Der er saaledes f. Ex. Intet iveien for at Fridagene fastsættes til respektive 52 eller 104 Vinterdage.» Om så vart gjort, var vel fridagane til liten nytte for husmannen, kanskje heller til ulempe. Men korleis dette vart praktisert, har vi ingen opplysningar om.

Lovgjevarane ønska også å hindre at husmannskona skulle påleggast pliktarbeid, slik at ho skulle få meir tid til å stelle ungane og plassen. I §6 står det derfor «Husmandens Kone maa ikke forpligtes til Arbeide hos Husbonden». Men så blir dette punktet kommentert med at «Heri indeholdes dog ikke, at det skulde være forment [=nekta] Hus-manden at forpligte sig til at yde Arbeide ved Fruentimmer i det Hele taget». Og svært mange av kotraktane krev nett at husmannen skulle skaffe «et arbeidsdygtig Fruentimmer» til å arbeide så og så mykje. I dei fleste tilfella var det vel ikkje andre enn kona til å gjere dette arbeidet. På bakgrunn av dette kan det seiast at heller ikkje når det galdt arbeidsplikta skapte lova endringar eller lette for husmannsfolket.

Det var denne lova som kom til å regulere husmannsvesenet så lenge ordninga fanst. Og det er grunn til å tru at den ikkje førte til særlege endringar i vilkåra for husmenn i forhold til tidlegare. Dei endringane som kom hadde meir bakgrunn i samfunnsendringar enn i lovendringa."